



200900056-14
KE/MBE 312

TUSSA NETT AS
Avd. Hovden

NVE
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Langemyra 6, 6150 Ørsta
Telefon: 70 04 62 00
Telefaks: 70 04 62 01
E-post: tussanett@tussa.no
Internett: www.tussanett.no
Bankkonto.: 6562 05 14580
NO 976 795 423 MVA

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sak/dok.nr	Arkivref.	Dato:
	TS/IH	TN 13/00134-7	330	05.07.2013

Høyring av søknad om å byggje Brattejølet kraftverk i Hornindal kommune

Vi viser til dykkar brev datert 22. mai 2013 vedkommande konsesjonssøknad for bygging av Brattejølet kraftverk i Hornindal kommune. Det planlagde kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,98 MW og gi ein årleg energiproduksjon på 3,4 GWh. Vi har vurdert nettkapasitet ved innmating av 0,98 MW frå Brattejølet kraftverk. Utrekningar viser at det er kapasitet i Tussa Nett AS sitt distribusjonsnett til å ta i mot 0,98 MW frå Brattejølet kraftverk, men det vil ikkje vere kapasitet i sentral- og regionalnettet til å ta i mot produksjon frå Brattejølet kraftverk.

Ifølgje SFE, som eig regionalnettet i området, er det ikkje kapasitet i transformatoren i Tomasgard til å ta imot meir innmating frå småkraftverk. Dersom alle kraftverk som har fått konsesjon i nettet under Leivdal blir utbygd, vil det heller ikkje vere kapasitet i 132/66 kV transformatoren i Leivdal og i 66 kV leidninga frå Tomasgard til Leivdal. SFE har starta utgreiing av ny 66 kV forbindelse frå Tomasgard til Hellesylt. Dette tiltaket er avhengig av bygging av ny konsesjonssøkt produksjon i Hellesylt. Dersom denne forbindelsen blir sett i drift, vil transformatoren i Tomasgard få frigjort kapasitet til Brattejølet kraftverk. Reinvestering og kapasitetsauke for nødvendige seksjonar på leidninga Tomasgard-Leivdal inngår som tiltak i regional kraftsystemutgreiing for Sogn og Fjordane, medan tiltak for å avlaste transformatoren i Leivdal enno ikkje er ferdig utgreidd.

I sentralnettet er Statnett igang med å byggje ny 420 kV leidning mellom Ørskog og Sogndal. Når Statnett har bygd ferdig 420 kV forbindelsen mellom Ørskog og Sogndal, vil det vere kapasitet i sentralnettet for innmating av meir småkraftproduksjon. Etter planen skal heile 420 kV leidninga vere ferdig i 2016, men Statnett har opna for å tillate tilknytning av ny produksjon til sentralnettet etter kvart som leidninga blir sett i drift frå Ørskog og sørover.

Brattejølet kraftverk kan ikkje knyte seg til nettet før regionalnettet i området er forsterka, og i tillegg må også 420 kV forbindelsen frå Ørskog til Ålfoten vere sett i drift.

Med vennleg helsing
TUSSA NETT AS


Arve Hovdenak
Nettsjef


Tone Sundklakk
Nettplanleggar

Vedlegg: E-post frå SFE vedr. nettkapasitet i området Tomasgard, datert 4. juli 2013

Fra: Kristen Skrivarvik [mailto:kristen.skrivarvik@sfe.no]

Sendt: 4. juli 2013 14:57

Til: Tone Sundklakk

Emne: SV: Brattejølet kraftverk

Hei igjen!

Vi bør nok sende noko sjølv om vi ikkje står på lista. Trur gjerne det kan være litt mindre detaljert enn den oppstillinga eg laga sist.

Forsøk på ein kortversjon:

.....

Orientering om kapasitetstilhøve i overliggende nett.

Dagens sentral- og regionalnett har ikkje kapasitet til Brattejølet kraftverk. Den samla mengda av produksjonsplanar i området er stor og nødvendige tiltak i nettet er til dels under gjennomføring, i planfase eller under utgreiing.

1. Sentralnettet i området har ikkje kapasitet til meir ny produksjon. Statnett, Istad Nett og SFE Nett orienterte NVE om dette i brev datert 01.04.2009. Nødvendige delstrekningar av 420kV Ørskog – Sogndal må være sett i drift før ny produksjon kan koblast til nettet. Gjeldande framdriftsplan tilseier at dette kan skje i løpet av 2015, men tidspunktet er enno usikkert.
2. Lokal transformator i Tomasgard er fullt utnytta og har ikkje ledig kapasitet til Brattejølet kraftverk. SFE Nett arbeider med planar for ny regionalnettsforbindelse frå Tomasgard til Hellesylt. Dette tiltaket avheng av bygging av ny konsesjonssøkt produksjon i Hellesylt. Når/om dette kjem i drift vil Tomasgard få frigjort tilstrekkeleg transformeringskapasitet til Brattejølet kraftverk.
3. Regionalnettsledningen frå Tomasgard til Leivdal og særleg 132/66kV transformator i Leivdal har avgrensa ledig kapasitet. Det er isolert sett rom for Brattejølet kraftverk (om flaskehalsen på transformator i Tomasgard vert løyst), men langt frå nok til alle konsesjonssøkte kraftverk i området. Reinvestering og kapasitetsauke for nødvendige seksjonar av ledningen Tomasgard - Leivdal inngår som tiltak i den regionale kraftsystemutgreiinga. Tiltak for å avlaste venta flaskehals på 132/66kV transformator i Leivdal er ikkje ferdig utgreia.

.....

Pkt. 1 har du gjerne ei standardformulering på frå før. Siter gjerne frå dette om du vil.

Mvh

Kristen Skrivarvik

Nettplanleggar
SFE Nett AS

Direkte: 57 74 61 66
Mobil: 489 99 320
E-post: kristen.skrivarvik@sfe.no

